



Litteraturdagane i Vinje



VINJEHUSET
Fredag 28. august 2020

PROGRAM

- 18.00–18.15** Velkomst ved festleiar Aasmund Nordstoga
Opning ved fylkesordførar Terje Riis-Johansen.



Foto: Marcel Leliënhof



Foto: Tom Riis

- 18.15–19.00** Omstart og omstilling. Litterær samtale med Siri Helle, Kjartan Fløgstad og Simen Tveitereid. Samtaleleiar er Jens Kihl.
- 19.00–19.30** Pause.
- 19.30–20.15** Vesaas-foredraget, ved Tore Renberg.
- 20.15–20.45** Pause.
- 20.45–22.15** Festframsyning: «Canciones de Cobre» (Koparsongar) med Kjartan Fløgstad, Per Arne Glorvigen. og NyNorsk messingkvintett.



SIRI HELLE

(f. 1982) gav tidlegare i år ut boka «Med berre nevane: eit forsvar for praktisk arbeid». Helle er utdanna agronom i økologisk landbruk frå Sogn jord- og hagebruksskule, og arbeider tidvis som skribent og journalist, snikkarassistent og geitebudeie.



TORE RENBERG

(f. 1972) er forfattaren bak bøkene «Mannen som elsket Yngve» (2003) og «Kompani Orheim» (2005). Han gav i fjor ut romanen «Ingen tid å miste» som også begeistra kritikarane. Renberg debuterte i 1995 og har skrive ei rekkje bøker som blir lesne av eit stort publikum i Norge og utlandet. Forfattaren har blant anna motteke Bokhandlerprisen og P2-lytternes romanpris, og har merkt seg innan film, teater og musikk.



SIMEN TVEITEREID

(f. 1971) Journalist og forfattar, og ein av fire som driv magasinet Harvest Magazine. Han har skrive om tema som storsamfunnet sine krav versus tid til familielivet, ikkje minst i eit miljøperspektiv. Sist i boka «Et fritt liv. Om å ønske seg noe annet i verdens rikeste land» frå 2018.

Tveitereid flytta til småbruket der han har vore alle feriane sine. I boka fortel han om store og små hendingar på småbruket. Boka er også eit essay om rolla arbeidet har i livet og dilemma i velstanden: Gleda over nye ting og opplevingar, strevet med å skaffe dei og å klare å setje pris på alt.



KJARTAN FLØGSTAD

(f. 1944) Diktar, essayist og gjendiktar som debuterte med diktsamlinga «Valfart» i 1968. Han studerte opprinneleg arkitektur ved Noregs Tekniske Høgskule i Trondheim, men skifta snart til litteratur- og språkvitskap ved Universitetet i Bergen. Fløgstad var ei tid industriarbeidar i heimbyen, og blei så «greaser» på eit norsk lasteskip i internasjonal fraktfart. I si tid som sjømann reiste han i ulike delar av verda, spesielt i Latin-Amerika, og erfaringane frå dette enorme kontinentet skulle få ein vesentleg innverknad på forfattarskapen. Han er ein av dei mest prislønte forfattarane i Noreg i nyare tid.



PER ARNE GLORVIGEN

(f. 1963) Kjem frå Dovre og vert rekna som ein av dei viktigaste bandoneon-spelarane i sin generasjon. Han gjekk ut frå Noregs Musikkhøgskule i 1987 med akkordeon som hovudinstrument og reiste deretter til Paris der han vart elev av den Argentinske bandoneon-virtousen Juan José Mosalini. Etter tre år med omskolering/studiar hjå Mosalini og etter fleire opphald i Buenos Aires byrja Glorvigen verksemda si som profesjonell bandoneonist.



NYNORSK MESSINGKVINTETT

NyNorsk Messingkvintett (et. 2015) består av Erlend Aagaard-Nilsen, Jørgen Arnesen, Daniel Weiseth Kjellesvik, Ingebjørg Bruket og Berger Iver Færder som alle er frilansarar. Gjennom samarbeid med kontratenor Sean Bell, organist Anders Eidsten Dahl, skodespelar og vokalist Ivar Nergaard og mezzosopranen Tora Augestad, har dei på kort tid skapt seg eit unikt repertoar med eit særskild lydbilete.

Sudamericana

Eit oppdrag eg ikkje visste at eg alltid hadde drøymt om å få.

Slik var den spontane reaksjonen då bandoneon-virtuosen Per Arne Glorvigen og dei framifrå musikarane i NyNorsk Messingkvintett spurde meg om tekst til eit musikalsk samarbeid med utgangspunkt i det latinske Amerika. Det var ei oppgåve som måtte romma politikken, den heroiske latinamerikanske kampen mot kolonistyre og utbytting, kopla til den like langvarige striden for sjølvstende og frigjering. For ein som fekk sitt politiske verdsbilde varig forma av reiser og opphald i Nord- og Søramerika var dette eit opplagt tema, frå kuppet i Chile i 1973, over dei samordna militærdiktatura på 1970- og 1980-talet, fram til statskuppet i Bolivia så seint som hausten 2019. På det statspolitiske planet vedvarer den folkerettstridige beleiringa med utsvelting av folket på Cuba og i Venezuela.

Eit anna tema er møtet mellom det latinske og det anglosaksiske Amerika på begge sider av Río Grande, på kryss og tvers av språklege skilje, fysiske murar og grensegjerde.

Sist men ikkje minst: både livsglede og politisk motstand har gitt seg uttrykk i ein sann rikdom av musikalske uttrykksformer. Tango og milonga ved Río de la Plata, samba i Brasil, Victor Jara og protestsongen i Chile, den andinske fløyta quena, dansemusikk som cumbia og vallenatos ved det karibiske havet, Pablo Milanés og den kubanske songdiktinga, meksikanske rancheros og blues frå grenseområda mellom Mexico og USA.

Eit hav av vellyd og minne å kasta seg ut i, frå konsert med Daniel Viglietti og Mario Benedetti på Estadio Centenario i Montevideo, boleros på kneipa El Cinzano i Valparaíso, den brennande tropiske trompeten ut over eit fullstappa dansegolv i Barranquilla, «noche de boleros» i hagen til forfattarforeningas hus i Havana, Agustín Lara i Vera Cruz og dei gamle plateopptaka med den sjenerte bluesmannen Robert Johnson frå San Antonio, Texas. Alle desse, og mange til, spelar med i musikken og teksten til koparsongane for messing og bandoneon i *Canciones de cobre*.

Kjartan Fløgstad

PREMIERE!

«CANCIONES DE COBRE» – KOPARSONGAR

Glorvigen: Teletango (2016)

Tango, Chayita de la Buena Onda, Zamba, Milonga

Glorvigen/Fløgstad: Canciones de cobre (urframføring)



Ein drope av kopar

Den var av kopar
Det var ein mynt
Det var ein skarve peso
Ein bortgløymd skillemynt
Ein koparskilling var det
Eit pengestykke i tjukt og tynt
Ein billett for enkel reise
Ein varsla auke
Om nye metropesar
I undergrunnen
Om dyr transport
Om eit lite påslag
Ein koparskilling
Var meir enn nok
Var verd si vekt
Var verd si vekt i sinne
Verd si vekt i opprør
Den kom frå undergrunnen
Frå gruver djupt i jorda
Til undergrunnen
Til unntakstilstandar
I hovudstaden Santiago

Sankt Jakops by i Chile
Så byen Santiago stansa
Under og over grunnen
Der presidenten Piñera
Og heile Pingjeringa
Vakla og skalv under vekta
Av ein skarve koparskilling
Som var verd si vekt i motstand
Som var verd si vekt i opprør

Ein drope av kopar
Og ein drope til
Og drope på drope
Og endå ein til
Eit slagregn av kopar
Av hamra metall
Som klirrar i kassen
Set makta på spill

2. *El condor pasa, Pasa el condor*

Kondoren er ein fugl
Kondoren var ein plan
Ein fugl som liknar på ein gribb
Ein plan med vengespennet
Strekt ut imellom liv og død
Ein åtselsfugl som nærer seg av lik
Var andesfjellkondoren
Og den første Plan Condor
Var kondor og Puma helikopter
Som kasta skuggen sin av kopar
Over framgang, fred og fridom
Var kondoren Pinochet
Kondorane Videla og Bordaberry
som koparskuggar over jorda
med klang av ordnar og medaljar
Av kopar og av bronse
Det var nueve / once
som er 9 / 11 sør for Río Grande

Den nye kondoren har letta
Den konstitusjonelle kondoren
Har letta og sett seg
Og vaglar seg på maktas tindar
I flagrande dommarkapper
Frå den høgaste rettens
Vaklande taburettar
Kan kondorane dømme
Dei folket har valt
Som Manuel Zelaya i Honduras
Fernando Lugo i Paraguay
Evo Morales i Bolivia
Dilma og Lula i Brasil
Til fengsel og eksil

Då brann trompeten
Slik vakna Santiago
Vakna til lyden av kopar
Til klangen av bortgøymde myntar



Til lyden av brass og med gjenklang av messing
Til lyden av hornmusikk, korps og janitsjar
Lyden av messing og kopar gav svar
For messing er kopar av jord og av mold
Ein liten mynt var nok
Ein koparskilling verd si vekt
Var verd si vekt i opprør
El condor pasa, Pasa el condor

3.

*Det var ein koparsong
Eit lite vers må skrivast om
Må skrivast nå
Til minne om ein annan gong
Til minne om gruva i Copiapó
Om Calama og Chuquicamata
Då 33 chilenske mineros
Var stengde djupt inne i fjellet
700 meter under jorda
Fanga i eit fjell av gull
Fanga i eit fjell av kopar
Var dei 69 dagar stengde inne
Nede i uraldermørkret
Til lyse dagen kom dei ut*

*Her trengst ein koparsong
Som heidrar minnet
Om heltar frå ein annan gong
Med ein klang av messing,
Av tuba, trompetar og trombone
Ein song frå djupt i jorda
Som syng sin messington*

*Nå blømer det blommar på grava
Frå jorda og malmen
Frå gruva i fjellet og under kondoren
der undergrunnsheltane slava*

Sal negra

*I amerikansk folketru er sal negra og hot foot powder namn på
svart salt og magiske ingrediensar til å strø etter seg på vegen for
å skjula sine spor.*



1.

*Många som varit på bio tala
Som om de varit i Guatemala
Skreiv den svenske diktaren
Harry Martinson
Som sjølv hadde vore der
Til sjøs og ikkje på kino*

*I urskogen, i tempelbyar
I Mayaruinenes land
Frå Uxmal til Chichen Itzá
I Guatemala heiter ordtaket
Salí de Guatemala
Para ir a Guatepeor
Som betyr at å dra
Frå Guatemala
Er å flykta frå vondt til verre
Og skjula sine fotefår
Det er med andre ord
Å reisa langt mot nord
Med *hot foot powder*
Med *sal negra* i sine spor*

*Eller ta seg på tak og dra
Frå ein forferdeleg stad
Til ein stad som ligg midt
Imellom det verst tenkelege
Og det heilt utenkelege*

*Sal negra i Mexico er svart salt
Hot foot powder blir det også kalt
Over grensa lenger nord
For den som skjuler sine spor*

*Mexico er meir enn *narcos*
Og Sinaloa er ikkje berre kartell
Agustín Lara syng at i Vera Cruz
Blir du fødd i månelys av sølvkarat
Med sjel som sjømann og pirat*

*Og på vegen *north of the border*
Blir lyden av *son de jarocho*
Til *La Bamba* med Ritchie Valens*



California var Øvre, altså *Alta* California
Som USA stal frå Mexico i 1848,
Stal saman med Texas og Colorado.
Også Ny Mexico, Utah og Nevada
Med delar av Kansas, Wyoming og Oklahoma
Var meksikanske delstatar
Medan halvøya *Baja*
Er Nedre California
Som stadig ligg South of the Border

Imellom Mexico og Amerika
Frå Golfen til Stillehavet
Går det ein mur frå kyst til kyst
Frå Tijuana og Tijuana Brass
Frå lyden av Herb Alpert,
Mariachi-musikken som gjalla og lét
Frå ustemt moralsk kompass
Og frå skingrande tropisk trompet


Til Marty Robbins som song
Om når du går ut i byen El Paso
Der byen Juarez ligg midt imot
Som Brownsville imot Matamoros
Der går det eit gjerde
Der strøymer ei elv
Der står det ein mur
Der strekker det seg ei bru
Frå Checkpoint Donald
Til Concentration Trump

Jo nærare dei kom USA
Jo lenger var dei frå Gud

Kledd i ei sjel og ei skjorte
Sto dei ved breidda av elva

Ved den ville elva i nord
Ved Río Bravo del Norte

På skiljelinja frå folk til folk
Står ein bluesmann som diktar og tolk
Står Robert Johnson og syng
Hellhound on My Trail
You sprinkled hot foot powder mmm Around my door





*You sprinkled hot foot powder mmm.
Mmm around my door
All around my door
You sprinkeled hot foot powder
All around your daddy's door
Hmm hmm hmm
It keep me with ramblin' mind, rider
Every old place I go
Every old place I go*

Frå Ciudad Juárez til El Paso
Går grensa open som eit sår
Strøymmer Río Bravo del Norte
Ved det USA som er Guatepeor
Dit ein går frå vondt til verre
Frå verre tilbake til vondt

2.

*Salí de Guatemala
Para ir a Guatepeor
El Salvador er endå verre
Salvador er Guateauñpeor
El Salvador er landet Tommeliten
Frå El Salvador med namnet Frelsaren
Kom Óscar Alberto Martínez Ramírez
Med kona si og dottera Valeria på nesten to
Gjennom urskog og øydemarker
Kom dei til elva, nådde dei grensa
Ein for alle, våte, kalde
Ein for alle tre*

Først tok far Valeria på sin breie rygg
Og sumde over til ho var trygg
Med Valeria berga på breidda i nord
Kryssa han elva tilbake til mor
Klissvåt og aleine på ei anna breidd
Sto vesle Valeria så avskræmd og redd
At ho kasta seg uti og ropte på far
Som vende attende om midtstraums han var
Dei kjempa for livet både han og ho
Til vatnet og elva tok med seg dei to

Slik blir det fortalt i tekst og i bilde
Signert journalisten Julia Le Duc
I den meksikanske avisa La Jornada



Salí de Guatemala para ir a Guatepeor

Der den mjuke midja til Amerika
(som poeten Pablo Neruda sa)
Har blitt eit ope sår
Der dop og pengar kryssar grensa
Står piggråden der vegen går
Gjennom audeland og sump
Der går det ei bru
Mellom Checkpoint Donald
Inn til Child Concentration Trump

Tear down this wall! In Berlin!

But build this wall ved San Antonio!

Ved elva framfor reisas mål
Der Ciudad Juárez og El Paso
Er to og ein og same store by
Skilt med ein mur og med ei elv
Som grense og som avgrunn
Mellom Texas og Chihuahua,
Mexico og USA, mellom sør og nord
Río Grande, Río Bravo del Norte

Med *sal negra* i kjølvatnet
Ror Karon ferjemann
Der flyktningane kastar loss
Og dei spreke gjer eit veldig byks
Over avgrunnen frå dei til oss
På vegen over går dei under
I understraumane i elva Styx

Å ikkje vita kor du er
Men berre kor du skal
Dei ville over og gjekk under
I elvestraumen stri og kald

3.

*Ho har pynta seg i tights og joggesko
Dei fann elva men fann ingen til å ro
Det var hit dei følgde draumen
Det var her dei kryssa straumen*

For å komma til ein ny og betre stad

*Dei såg blanke lys frå Brownsville, USA
Vi må tenka at Valeria var glad
Dei var komne fram til breidda
Men sto alle til å redda?*

Oscar kasta seg i elva som på trass

*Dei ligg i sivet på ein ny og ukjend plass
Shortsen hans har stripene til Adidas
Under t-skjorta stikk armen
Der ho klamrar seg til varmen*

Frå den store mannekroppen ho har kjær

*Dei ser ned, veit ikkje lenger kor dei er
Dei er oss og dei er kledd i merkeklær
Dei ligg så stille der i sivet
Og med ryggen vænd mot livet
Er det berre mørkret under seg dei se*

*Var så nær og så ufatteleg langt frå
To kroppar i ei falma skjorte
Ingen av dei veit si arme råd
Der dei begge er like ved
Ved breidda av Río Grande del Norte
Flyt dei stille med andletet ned*

*Hit men ikkje lenger har dei komme
Til det korte mellomrommet
Som skiljer mellom liv og evig fred*

4.

*Men mange andre var det som kom fram
Ay te dejo en San Antonio!
Her drar Flaco Jiménez sitt trekkspel
Her brenn Herb Alpert's trompet
Her lyder Ritchie Valens' La Bamba
Her er det Marty Robbins som syng*

*As I walked out in the town of El Paso
As I walked out in El Paso one day
I saw a lonesome and young refugee...*



Det måtte gå som det gjekk
Murane mot fattigdom sprang lekk
Ved sperringa på nordleg side
Blir dei stansa av grensepolitiet
I porten til Checkpoint Donald
Ved gjerdet til Concentration Trump
Dei som har komme seg over
Dei som sit inne og ventar
Dei som er utanfor loven
I San Diego Detention Center
I Tornillo, Texas og Otay Mesa
Sit barn bak piggråd og betong
Mens grensevaktarane går sin gong

Ja, barnefangane skrik
Med batong mot betong
Slår vaktarane fast
Sin hot foot powder-song
Om gjerdet har piggar av tråd
Om dei har lenge å sona igjen
Om det er langt og lenger å gå
Om sirenane uler og blålysa brenn
Om dei er morlause, om dei er små
Sit dei i fengsel, bak lås og bak slå
Det er slik det går føre seg nå

*Kor vart dei av
Dei som var fri som fuglane
Dei måtte flykta
Og dei måtte dra
Kanskje i vinden
Høgt under himmelen
På svevande venger
Vil dei finna svar*

Ved elva av sølv

Termos, mate-kopp og sugerøyr -
På plakaten utanfor butikken
Står det *Hay leña y agua caliente!*
Der varmedisen dirrar over Río de la Plata
Averterer dei med ved og varmt vatn

Til sals i ein glovarm badeby ved elva
Det varme vatnet er til begeret med mate
Og vedskiene til grillen som skal tennast
Mens Buenos Aires er Reina del Plata
Er Plataflodens ukrona dronning
Var Montevideo Atenas del Plata
Som tyder Plataflodens Athen
Sjøby på *Varmen* for skip og poetar
Landet for ordkunst og songar
Og endelause diskusjonar på kafé

Begge har tango og fotball og mate
Mens Buenos Aires har psykoanalyse
Som folkesport tango og fotball til liks
Har Uruguay funne fred med seg sjølv
Den austlege republikken ved elva av sølv

Etter militærdiktatur og eksil
Etter tiår med klappjakt og tortur
Då den siste som rømde frå landet
Blei beden om å skru av lyset
Og ta lypspæra med når han gjekk

Frå Tupamaros og frå fengsel
Kom presidenten i landet, Mujica
Med hønsehus i hagen og på scooter
Frå bygerilja og djupe fangehol
Kom han som blei forsvarsminister
Kom kulturbyråden i Montevideo -
Forfattar Mauricio Rosencof

Uruguay er og blir eit mirakel
Det råaste fotballandslaget er deira
Om Suárez bit frå seg i angrep
Og grisetaklingane florerer i forsvar
Er uruguayanaren alle manns ven
Med mate-kopp og sugerøyr i handa
Med smil om munn og termos under armen

Uruguay har blitt eit mirakel av miskunn
Eit mirakel som voks fram av tilgiving
Som steig ut av song og gitarar
Av fotball og kaféfilosofisk forsoning
Av orda til Galeano og Benedetti

Og versa til Vigliettis *Milonga*
Ved elva av sølv, ved elva av sølv

Milonga om å reisa langt

*Så langt borte er mitt heimland
Og likevel er du meg nære
Eller finst ein stad å vandra
Der vi blir blodsbrør på ferda*

*Så lang og slitsam er vegen
Om fargen på flagga er nye
Er fattigfolka dei same
Frå den eine til andre byen
Eg vil riva i filler kartet
Teikna eit nytt kart for alle
Dei farga, dei kvite og svarte
Sjå kva som finst bakom skallet*

*For elvane liknar på årar
I det vide og utstrekke landet
Og same fargen som jorda
Har blodet til dei som har falle*

*Ingen av oss er ein framand
Dei framande er nokon andre
Det er dei som handlar på torget
Der det er vi som er slavar*

*Eg vil bryta med dette livet
Det er livet eg vil forandra
Kamerat, du må ikkje venta
Men gi meg den hjelpande handa*

*Om dropane sjølve er ørsmå
Så blir dei slagregn til saman*

Etter *Milonga de andar lejos* av Daniel Viglietti, 1974



PRAKTISK INFO

- Me serverer gratis kaffi og kringle i pausane.
- Bestilling og kjøp av mat, snacks og drikke i idrettshallen. Set deg ved bordet med ditt nummer på og bestill frå menyen du finn på bordet.
- Betaling via Vipps.
- Det er toalett i 1. og 2. etasje (frå Vestibylen).

SMITTEVERN

- Hugs 1 meter avstand til dei rundt deg – heile tida (unntak for same husstand)
- Ikkje mingle for mykje og for tett! Me har alle ansvar for kvarandre.
- Hugs å sprite hender ofte, og alltid når du går inn og ut av festsalen.

Arrangementet blir i sin heilskap strøyma direkte på nett.

Teknisk ansvarleg: Luke Tennant
Strøyming: Torstein Kiserud
Andre Nesheim

Me ynskjer alle ein god og festleg kveld!



Litteraturdagane i Vinje

Vinje-senteret, Vinjevegen 1441
3890 Vinje

www.litteraturdagane.no

@litteraturdagane
#vinjesenteret



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE



Vinje kommune



Kulturdepartementet



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Litteraturdagane i Vinje



VINJEHUSET
Laurdag 29. august 2020

PROGRAM

18.00–18.05 Velkomst ved festleiar Aasmund Nordstoga.



Foto: Marcel Leliënhof

18.05–18.50 Vinnaren av Tarjei Vesaas debutantpris 2019, Hanna Stoltenberg, i samtale med Tore Renberg. Samtaleleiar er Johan M. Staxrud.

18.50–19.30 Pause.

19.30–20.15 Kommunalt vorspiel ved Jens Kihl.

20.15–20.45 Pause.

20.45–22.15 Festkonsert med Frida Ånnevik trio.



FRIDA ÅNNEVIK

(f. 1984) Ein av dei fremste artistane og låtskrivarane i Noreg. Ånnevik kjem frå Ridabu i Hamar kommune, og har gjeve ut fire plater og motteke fleire spellemannsprisar. Ho har vore aktiv i ulike prosjekt og band, men solokarriere hennar som låtskrivar byrja for alvor i 2008.



HANNA STOLTENBERG

(f. 1989) er fødd og oppvaksen i Oslo, og har arbeidd som frilansjournalist for Aftenposten K, D2 og Morgenbladet. Stoltenberg vart i mars 2020 tildelt Tarjei Vesaas' debutantpris for sin fyrste roman, «Nada».




TORE RENBERG

(f. 1972) er forfattaren bak bøkene «Mannen som elsket Yngve» (2003) og «Kompani Orheim» (2005). Han gav i fjor ut romanen «Ingen tid å miste». Renberg debuterte i 1995 og har skrive ei rekkje bøker som blir lesne av eit stort publikum i Norge og utlandet. Forfattaren har blant anna motteke Bokhandlerprisen og P2-lytternes romanpris, og har merkt seg innan film, teater og musikk.



JENS KIHl

(f. 1986) Journalist og målmann, oppvaksen i Ullevål hageby i Oslo. Kihl har i fleire år vore leiar i Norsk Målungdom og nestleiar i Noregs Mållag. I 2017 vann Kihl Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for sitt bruk av nynorsk. No arbeider han i Bergens Tidende som politisk kommentator. Hausten 2019 gav han ut boka «Dette er også Noreg: kommunal feelgood», som tek for seg kommunesamslåinga og konsekvensane av dette.



JOHAN M. STAXRUD

Stipendiat ved doktorgradsprogrammet i kulturstudier ved Universitetet i Sørøst-Norge, og universitetslektor i norsk litteratur.

PRAKTISK INFO

- Me serverer gratis kaffi og kringle i pausane.
- Bestilling og kjøp av mat, snacks og drikke i idrettshallen. Set deg ved bordet med ditt nummer på og bestill frå menyen du finn på bordet.
- All betaling skjer via Vipps.
- Det er toalett i 1. og 2. etasje (frå Vestibylen).

SMITTEVERN

- Hugs 1 meter avstand til dei rundt deg – heile tida (unntak for same husstand)
- Ikkje mingle for mykje og for tett! Me har alle ansvar for kvarandre.
- Hugs å sprite hender ofte, og alltid når du går inn og ut av festsalen.

Arrangementet blir i sin heilskap strøyma direkte på nett.

Teknisk ansvarleg: Luke Tennant
Strøyming: Torstein Kiserud
Andre Nesheim

Me ynskjer alle ein
god og festleg kveld!



Litteraturdagane i Vinje

Vinje-senteret, Vinjevegen 1441
3890 Vinje

www.litteraturdagane.no

@litteraturdagane
#vinjesenteret



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE



Vinje kommune



Kulturdepartementet



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway